

# Uttale om stipendmottakarar 2024

Kultur og folkehelseutvalet har tildelt stipend til følgande i 2024.

## Visuelle kunststartar, arbeidsstipend 200 000 kroner:

Magnhild Opdøl – Ålvundeid – teikning - maleri - skulptur – installasjon

Magnhild Opdøl er ein særers aktiv kunstnar og fleire planlagde utstillingar i både inn- og utland det kommande året. Ho skal også gjennomføre 4 kunstnarresidensar dei neste to åra.

Det poetiske i døden, anten i form av reduksjon av artsmangfald, menneskeskapte grenser eller den individuelle døden har alltid vore hovudtema hos Opdøl og tema ho har hatt med seg i fleire år, men som ho stadig utviklar både i innhald og materiale ho brukar. Det er spennande å sjå korleis ho no vil bruke det same temaet til å utforske og forbetre teknikk innan teikning, skulptur og maleri, samt at ho vil utforske ulike materialar innan skulptur og installasjon.

Opdøl har ein god, strukturert og gjennomarbeida søknad med god dokumentasjon av arbeidet og utviklinga si. Hennar kunstnariske prosjekter står seg godt, og ho er ein sterk kunstnar med eit tydeleg prosjekt og stemme. Ho er beherskar sitt uttrykk godt og har ein solid kunstpraksis. Eit stipend vil gi henne moglegheit til vidare utvikling som kunstnar.

## Musikk, arbeidsstipend 200 000 kroner:

Lena Nymark – Ålesund – Musikk

Lena Nymark har ein sterk og godt dokumentert søknad som viser mange tidlegare, pågåande prosjekt og planane for nye satsingar. Ho er knytt til kunstnarfellesskapet Aggregat i Ålesund, men har også før Aggregat hatt ei særleg interesse av å initiere og medverke musikalsk utanom reine konsertar eller innspelningar. Ho har samarbeidd og laga produksjonar med fleire kunstnarar innanfor andre uttrykk, som bildande kunst, brukskunst, film, teater og dans. Som utøvar spelar ho også på saksofon, fløyte, piano, trommer og elektroniske instrumenter, særleg modulær synth. Ho utforskar lyd, og gjennom avansert musikkteknologi skapar ho lydbilete og -opplevingar med utgangspunkt frå naturen og andre kunstuttrykk.

I si vidareutvikling av kunstnarskapen skal ho bruke tida til eigne soloprojekt som ei plateinnspeling, og til ulike tverrkunstnarlege fellesprosjekt som vil kome eit publikum til gode. Søknaden viser ein kunstnar som er svært innovativ, samarbeidssøkande og eksperimenterande på eit høgt kunstnarleg nivå.

## Film, stipend 100 000 kroner

Solveig Årdal – Stranda – Film

Søkar sitt dokumentarfilm prosjekt har vakse fram som eit djuptpløyande portrett av tre særse ulike søsken. Prosjektet blir produsert av WeStory og er eit fint eksempel på samarbeid mellom regi og produsent i vår region.

Søkar har ikkje tidlegare mottatt kunststipend frå Møre og Romsdal fylke. Søkar er framleis tidleg i sitt kunstnarskap, men det er ein søkar med eit talent det er fint å satse på.

## Film, stipend 100 000 kroner

Thomas Smoor Isaksen – Ålesund – Film

Søkar har solide kunstnariske prosjekt som er regionalt forankra. Han har fleire gode prosjekt, som «Plastplaneten» og «Ein siste flamme» som han har mottatt støtte for både regionalt og nasjonalt.

Søkar har ikkje tidlegare mottatt kunststipend frå Møre og Romsdal fylke. Søkar er framleis tidleg i sitt kunstnarskap, men søkar har eit talent som det er verdt å satse på.

## Litteratur, stipend 100 000 kroner

Ann Helen Kolås Ingebrigtsen – Ålesund – Litteratur

Ho kan sidan debuten vise til høy aktivitet, og i denne søknaden har ho fleire prosjekt på gang som med stor synleik vil ende i bøker. Hun har skrevet en god søknad og viser til forståelse for hvor omfattende og tidkrevende prosjektene hennes er. Det er høg kvalitet i arbeidet ho gjer og nyskapande, særleg det at ho er god på skildre ulike utfordringar frå innsida. Eit stipend vil gi henne moglegheit til å jobbe meir med prosjekta sinne framover.

## Musikk, stipend 50 000 kroner

Kåre Nymark – Ålesund – Musikk

Trompetisten Kåre Nymark har i mange år hatt sitt virke i og utanfor fylket, med mykje konsertaktivitet i fleire kjende band og ensemble, og for ei mangfaldig publikumsgruppe. Med den nye kvartetten, Kåre Nymark Kvartett, har han no danna ein hovudarena for å vidareutvikle seg som utøvar og komponist. Dei ulike referansane innanfor jazztradisjonen vil vere utgangspunkt for skapinga av låtar og improvisasjon, og bandet skal vere som ei musikalsk sandkasse, der dei kan leike seg med uttrykk og val av estetikk

Søknaden er utforma og dokumentert på ein god måte som gir tillit til at han vil lukkast med dei kunstnarlege planane. Kåre Nymark gir god og naudsynt informasjon om tidsbruk, milepælar, utgifter og inntekter til kvar av delmåla og aktivitetane. Han er ein allsidig skapande og utøvande muskar på eit høgt nivå som også har ei realistisk tilnærming til arbeidet med øving, produksjon, komponering, innspeling og konsertaktivitet både i 2024 og vidare framover.

## Musikk, stipend 50 000 kroner

Martin Bredin – Molde - Musikk

Musikaren Martin Bredin viser til omfattande kunstnarleg aktivitet i meir enn 20 år, både i og utanfor fylket. Hans virke er særprega av allsidigheit og eit høgt kunstnarleg nivå gjennom å ha jobba mykje med musikkteater, med andre profesjonelle, barn/unge, musikkfrivilligheita, tverrkunstnarlege prosjekt, komposisjon, direksjon og konsertering som klaversolist.

Motet og drivkrafta i å setje i gang vidt forskjellige prosjekt kjenneteiknar Bredin, og søknaden skildrar eit konkret mål om ei plateinnspeling med eigenkomponert materiale av nyare og eldre dato. Også klassiske verk med han sjølv som pianist – og saman med andre musikarar - skal dokumentere delar av hans utøvande og skapande verksemd. Han vil framleis utvikle seg innanfor direksjon, utvide komposisjons-verksemda, men også profilere seg som utøvar for eit enda større publikum. Allsidigheita, profesjonaliteten og bidraga inn i lokalsamfunnet kjem godt fram i søknaden, og vitnar om hans imponerende evne til å møte dei mange oppdraga og målgruppene.

## Scenekunst, stipend 100 000 kroner

Tonje Molnes – Ålesund – Dans

Søkar har sterk i lokal forankring og kan vise til gjennomførte prosjekt/produksjonar skapt i og omkring Ålesund og Møre og Romsdal.

To av de tre kunstneriske prosjektene som beskrives tematiserer natur og teknologi. Det tredje er et mer formbeskrivende prosjekt som møte mellom danser og billedkunstner. Prosjekta blir spennande å følgje.

Eit stipend vil vere motiverande og utviklande for denne yngre dansekunstnaren. Søkar sitt arbeid kan gi ringverknader til eit miljø som har få tilbod av profesjonell dansekunst. Eit stipend til Molnes vil vere med å styrke dansekunsten i regionen, noko den er tent med.

## Visuelle kunststartar, stipend 100 000 kroner

Jon Arne Mogstad – Surnadal – Biletkunst

Jon Arne Mogstad er ein dyktig og aktiv kunstnar. Han jobbar no mot ei retrospektiv utstilling ved Bomuldsfabrikken i Kristiansand som vil vere av stor betydning for han som kunstnar.

Mogstad er utforskande i sin praksis, som drives av ein systematisk undersøking av nye materialar, metodar og kunstnariske uttrykk. Sjølv om Mogstad alltid har vore utforskande i sin praksis som kunstnar, har maleriet stått støtt som kjernen i kunstnarskapet. Det er eit sterkt kunstnarskap som også har vore eit fint bidrag til kunstmiljøet i regionen. I 2017 flytta Jon Arne Mogstad tilbake til Surnadal, kor han er født og oppvaksen. Han oppretta kunstsenteret Surnadal billag same år, som sidan har det blitt ein viktig visningsstad, særleg for yngre kunstnarar, både i regionen og i resten av landet.

Han har levert en god og gjennomarbeid søknad. Eit stipend vil gi moglegheit til ytterlegare fordjuping og utvikling.